



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
14.02.2019	14416/2019	Oddbjørn Vassli

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	25.02.2019

Statens vegvesen – framtidig lokalisering, oppgåver og tilsette i Møre og Romsdal

Bakgrunn

I samband med regionreforma er det bestemt at ordninga med sams vegadministrasjon skal opphøre og erstattast med at dei nye fylkeskommunane skal bygge opp sin eigen vegadministrasjon. Denne splittinga i ein statleg vegadministrasjon for riksvegane og fylkeskommunal vegadministrasjon for fylkesvegane er i tråd med både KS og fylkeskommunane sine ønskje.

På landsnivå vil dette bety at 1650-1800 årsverk skal overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane frå 1.1.2020. Dette arbeidet er alt i gang, og for Møre og Romsdal ser det så langt ut som om lag 120 tilsette skal overførast. Organisasjons- og bemanningsplan i fylkeskommunen for desse nye funksjonane og tilsette skal vere på plass i løpet av mars.

Denne saka gjeld framtidig organisering, lokalisering, omfang av oppgåver og tilsette knytt til den framtidige statlege vegadministrasjonen. Problemstillinga er særleg aktuell for Møre og Romsdal fordi regionkontoret for Statens Vegvesen Midt – som omfattar Trøndelag fylke og Møre og Romsdal fylke – ligg i Molde dvs. at tilsette ved «vegkontoret» i Molde i stor grad har vore engasjert i oppgåver i Trøndelag og resten av landet – i tillegg til vegoppgåvene her i fylket.

Dagens situasjon

Møre og Romsdal har for tida 537 km riksveg og 3091 km fylkesveg.

Det er dokumentert at dagens Statens Vegvesen i Møre og Romsdal har om lag 370 tilsette i den sams vegadministrasjonen som fordeler seg slik på oppgåver og arbeidsstadskommunar:

Lokasjon	Tal tilsette	Funksjon, oppgåver
Kristiansund	12	Trafikkstasjon
Tingvoll	9	Prosjekt
Sunndalsøra	3	Trafikkstasjon
Molde	224	Asfalt og vegmerking, Berg- og geoteknikk, Bru- og ferjekai, Byggherre, Byggforvaltning, Dokumentasjon, IKT, Internservice, Ferje, Grunnerverv, Geo og lab, Geodata, Laboratorium, Geoteknikk, HMS, HR, Infrastruktur, Juridisk og anskaffelser, Kommunikasjon, Plan/Prosjektering, Prosjekt, TK, Ressurs, Strategi, Tilsyn, Trafikksikkerhet, Tunnel og betong, Vegavdeling (Drift), Økonomi. Og regionkontor.
Åndalsnes	8	Vegavdeling (Drift) og Prosjekt
Ålesund	85	Asfalt, Byggherre, Vegavdeling (Drift), Grunnerverv, Juridisk, Plan/Prosjektering, Prosjekt, Trafikksikkerhet, Spesialprosjekt, Økonomi, og Trafikkstasjon.
Haram	20	Prosjekt
Ørsta	13	Trafikkstasjon, Vegavd. (Drift) og Prosjekt
Totalt Møre og Romsdal	374	

På noverande tidspunkt er det ikkje tilgjengelig informasjon om kor mange som blir igjen i Statens vegvesen her i fylket med tilhøyrande oppgåver og lokalisering. Men det denne oversikten i alle fall syner er at Statens vegvesen er ei stor statleg verksemd med eit betydeleg tal tilsette - også utanfor regionkontoret i Molde.

Frå regionar til divisjonar

15. januar i år vart utgreiinga om organisering av Statens vegvesen frå 1. januar 2020 overlevert frå vegdirektøren til departementet. I forkant av utgreiinga hadde vegvesenet fått eit omfattande oppdragsbrev frå departementet om kva premissar og tema utgreiinga skulle innehalde. Utgreiinga løfter opp fem overordna mål for det framtidige Statens vegvesen:

1. Effektiv styring med klare roller og ansvar i etaten
2. «Meir veg for pengane» gjennom styrka gjennomføringsevne og meir effektiv drift
3. Styrke Statens vegvesen som den fremste samfunnsaktøren innan veg og vegtransport
4. Sikre effektiv systemutvikling, bruk av ny teknologi og digital transformasjon av tenester og prosessar
5. Utvikle eit godt regelverk gjennom sterkt regelverksutviklingsmiljø

I premissane ligg det m.a. at vegvesenet skal kutte 1,7 mrd. kroner i interne kostnader fram til 2023.

Utgreiinga frå 15. januar 2017 drøftar tre organisasjonsmodellar:

- Fortsatt regionmodell
- Funksjonsmodell (divisjonsmodell)
- Hybridmodell

Tilrådinga er å gå frå dagens regionmodell til ein modell med seks landsdekkande divisjonar.

Valet av divisjonsmodell betyr ikkje at kvar divisjon skal samlast og vere lokalisert på ein stad. Det er i utgreiinga (side 56) vist korleis divisjonane kan vere organisert i underliggende geografiske einingar.

Dei foreslårte divisjonane er:

- Trafikant og kjøretøy
- Utbygging
- Veg
- Transport og samfunn
- IT
- Fellesfunksjonar

For divisjonsområdet Trafikant og kjøretøy skjer det ytterlegare utgreiingar fram til mai der ein både ser på tenestestruktur, tenesteleveransemodell og privatisering. Forslag ein har sett i media i høve til endringar i trafikkstasjonane heng saman med dette arbeidet, men blir ikkje handsama i denne saka da utgreiing fortsatt pågår.

Lokalisering

Det er i denne omgang ikkje gjort vurderingar eller fremja forslag om lokalisering av det «nye» Statens vegvesen. Lokaliseringsspørsmålet vil bli avklart nærmare utover året - m.a. i samsvar med gjeldande «Retningslinjer for lokalisering av statlige arbeidsplasser og statlig tjenesteproduksjon», som det står i dokumentasjonen.

I pressemeldinga som vart sendt ut samtidig som rapporten blei overlevert til departementet, seier vegdirektøren: «*Nøyaktig hvor i landet vi skal være må vi få komme tilbake til. Men så pass kan jeg si nå: Vi skal fortsatt være på mange av de stedene vi er i dag. Dessuten er det for meg åpenbart at ledelsen for divisjonene kan ligge i Oslo eller andre steder i landet.*»

Vidare prosess

Val av framtidig hovudmodell for organisering av Statens vegvesen er no til vurdering i departementet. Parallelt med dette er fylkeskommunane over heile i landet i gang med å definere sitt behov for kompetanse og kapasitet - konkretisert mot kva medarbeidarar som har rett til eller vil få tilbod om overføring til fylkeskommunen som ny arbeidsgivar. Etter avtale mellom Staten og KS er det bestemt at vegvesenet parallelt skal konkretisere sitt behov for kompetanse, kapasitet og medarbeidarar. Det er uvisst om slik parallelitet i praksis blir muleg. Så langt synest det som at prosessane – i alle fall i Møre og Romsdal – går langt fortare i fylkeskommunen enn i vegvesenet.

Ser vi til andre etatar, som t.d. Skatteetaten, som har gjennomført ei tilsvarande endring frå regional organisering til nasjonale divisjonar, så er slike saker normalt ikkje saker der Stortinget blir involvert, men der vedtaka blir gjort i etaten innafor

rammer gitt av departementet og medbestemmelsesavtalen. Det er derfor også usikkert kor mykje prosessen om framtidig organisering og lokalisering av Statens vegvesen let seg påverke frå aktørar både frå den politiske arenaen eller berørte regionale styresmakter eller kommunar.

Vurdering og konklusjon

Som kjent har Møre og Romsdal underdekking av statlege arbeidsplassar innanfor dei aller fleste statlege etatsområde. Eit av unntaka er nettopp Statens Vegvesen, ved at Møre og Romsdal og Molde i 2003 vart tildelt hovudkontorfunksjonen for Statens vegvesen Region Midt.

Gjennom den foreslårte nye organiseringa av vegvesenet, blir 250 statlege arbeidsplassar «sett i spel» i vårt fylke (dvs. av dagens 370 arbeidsplassar går om lag 120 til fylkeskommunen – dei andre 250 skal organiserast og lokaliserast i omorganiseringsprosessen som no pågår i Statens vegvesen).

Det er neppe fare for at Møre og Romsdal skal miste alle desse 250 arbeidsplassane over natta. Statens vegvesen skal fortsatt ivareta og ha driftsansvaret for vel 500 kilometer riksveg i Møre og Romsdal som også inkluderer fire ferjesamband. Dei skal fortsatt ha driftsansvar for oppgåver innan trafikant og kjøretøy. Og Statens Vegvesen Midt her i fylket har svært mange dyktige og kompetente medarbeidarar og fagmiljø som etaten heilt sikkert er opptatt av å få med seg vidare for å løyse nasjonale vegoppgåver.

Fylkesrådmannen er likevel komen til at fylkesutvalet bør gi ein tydeleg uttale om kva rimelege forventningar og krav vårt fylke har til framtidig «tilstedeværelse» fra Statens vegvesen i vårt fylke.

Tilrådinga er basert på følgjande:

- All røynsle viser at skal fagmiljø vere levande og kunne vekse og bli satsa på framover, så krevst det leiing som er på staden. Derfor bør Møre og Romsdal framover ha ein av divisjonsdirektørane i den nye organiseringa av Statens vegvesen slik som fylket i dag har ein regiondirektør med base i fylket.
- Møre og Romsdal er eit svært allsidig vegfylke med stort innslag av ferjer, bruer og tunnelar. Denne kompetansen gjer at tilsette/fagmiljø i Statens vegvesen her i fylket er godt posisjonert for å ta nasjonale oppgåver innafor vegsektoren.
- Divisjon for transport og samfunn er den mest «samfunnsorienterte» delen av det nye vegvesenet med oppgåver innafor m.a. trafikktryggleik, bærekraft, klima/miljø, analyser og planforvaltning. Mange store og relevante prosjekt som tilsette ved regionkontor Midt har vore involvert i, gjer at også innafor nokre av desse områda er tilsette/fagmiljø i Statens vegvesen her i fylket godt posisjonert til å ta nasjonalt ansvar.
- Innafor divisjonen Fellesfunksjonar ligg ei rekke merkantile og administrative støttefunksjonar. Dette er arbeidsoppgåver som egnar seg godt for desentralisering gjennom digitale løysingar. Slike oppgåver ligg alt i vårt fylke frå vegvesenet, og Møre og Romsdal kan tilby både utdannings-, forskings- og fagmiljø som kan gi støtte til å lokalisere fleire slike funksjonar til vårt fylke.

Forslag til vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune syner til det pågående arbeidet med framtidig organisering av Statens vegvesen frå 1.1.2020 og vil gi slik uttale, som blir sendt til statsråden, samferdselsdepartementet, vegdirektøren, tilsette sine organisasjonar i Statens vegvesen og Mørebenken:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune har med interesse lest utgreiinga om framtidig organisering av Statens vegvesen. Fylkeskommunen følgjer Vegdirektøren sitt resonnement om at ei organisering i funksjonsinndelte divisjonar med landsdekkande ansvar synest å vere ein god modell for å møte framtidige utfordringar i den statlege delen av vegsektoren.
2. Møre og Romsdal har så langt hatt hovudkontor for region Midt og blir såleis i stor grad direkte berørt av den foreslalte omorganiseringa frå region til divisjon. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at omorganiseringa ikkje fører til reduksjon i tal tilsette i Statens vegvesen her i fylket - bortsett frå dei overføringane som skal skje til fylkeskommunen. Ein viser her både til den underdekkinga Møre og Romsdal har av statlege arbeidsplassar og Regjeringa sine eigne retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar som ledd i ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår:
 - a. At divisjonsleiinga for ein av dei seks føreslegne divisjonane blir lagt til veg- og samferdselsfylket Møre og Romsdal. Mest aktuelt synest divisjonen for Veg eller divisjonen for Transport og samfunn å vere.
 - b. At ei geografisk eining av divisjon Veg blir lagt til Møre og Romsdal. Ein viser her til den kompetanse som over tid er bygd opp ved regionkontoret og den breidde av vegoppgåver som har vore løyst frå dette regionkontoret (bruar, tunnelar, ferje, ras osv.).
 - c. At ei geografisk eining eller tilsvarande omfang av nasjonale oppgåver knytt til divisjon Transport og samfunn blir lagt til Møre og Romsdal. Ein viser her til eit betydeleg tal relevante nasjonale oppgåver som i dag blir løyst av tilsette i Region Midt med arbeidsstad Møre og Romsdal.
 - d. At fellesfunksjonar aktivt kan utlokaliserast til regionale einingar, inkludert Møre og Romsdal, som alt i dag utfører ein del slike funksjonar og har gode føresetnader for å ta imot fleire slike oppgåver.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef